



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

HØYRINGA AV FORSLAG TIL SKOGVERN



GEITÅA NATURRESERVAT SURNADAL KOMMUNE

Høyringsfrist 01.06.2019

E-postadresse:
fmmrpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Postboks 2520
6404 Molde

Besøksadresse:
Julsundvegen 9

Telefon: 71 25 84 00
www.fylkesmannen.no/mr
Org.nr. 974 764 067



Framside: Rik edellauvskog ved Geitåa, Bæverdalen (Foto: Fylkesmannen i Møre og Romsdal)



Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2019 er omlag 4,7 % av den produktive skogen i Noreg verna.

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha betydeleg positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil Miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

Tilbodet

Fylkesmannen fekk tilbod om området for frivillig skogvern ved Geitåa med eit areal på 428 dekar på eigendomen gnr/bnr 84/3 i Surnadal kommune. Tilbodet kom frå ALLSKOG SA den 04.10.2018.

Det er gjennomført ei kvalitetssikring av miljøkvalitetane i området. Kartlegging er gjort av Miljøfaglig Utredning i 2010 og lokaliteten vert synfart av fylkesmannen 07.11.2018 for å sjå på arrondering og inngrepstilstand. Fylkesmannen har takka ja til tilbodet om nytt vern ved Geitåa naturreservat den 24.10.2018.

ALLSKOG skal taksere skogen i tilbodet, og forhandle med Staten sin skogsakkunnig om erstatning. Området vil ikkje bli tilrådd vern før avtalen om erstatning er signert.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for dei 2 skogsområda i dette verneplanframleggjet. § 37 i naturmangfaldlova har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) innehelder truet, sjeldan eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur
- a) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- b) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller



c) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

Saksbehandling

Naturfaglege registreringar

Området ligg i den sørvestlige lia til Bæverdalen mellom Saga og Sæterbø. Det er kartlagt av Miljøfaglig Utredning i 2011 og er verdisett til svært viktig (A verdi) da området er relativt stor med godt utvikla skogstruktur med gamle tre, og fleire rødlista artar. Det er ei bratt li med eit fossefall ved Geitåa før samlopet med en sidebekk. Begge elveleia renn gjennom trønge kløfter. Ein slik stor variasjon i topografi har resultert i ein mosaikk av naturtypar, som rik edellauvskog, bekkekloft og bergvegg, gammal lauvskog og innslag av rik sumpskog.

Tresjiktet er dominert av hassel og gråor med spreidd alm (NT), ein del osp og innslag av furu. I feltsjiktet finn vi typiske edellauvskogsartar som skogsvingel, taggbregne, bjønnkam, strutseveng og kjempesvingel, samt meir kravande artar som sumphaukeskjegg og dronningmose. I bekkeklofta dominerte gråor nede ved elva og alm dominerte i høgare parti. Feltsjiktet var høgstaudeprega, med artar som kvitsoleie, storklokke, gullstjerne, rød jonsokblom, turt, lerkespore, skogsalat, firblad, tyrihjelm, skogsvinerot, liljekonvall og nattfiol. På dei store almane veks mellom anna bleikdoggnål (NT), kystvrenge, stiftfiltlav, narrepiggssopp (NT) og lungenever.

Oppstartsmelding

Fylkesmannen sendte ut oppstartsmelding om oppretting av Geitåa naturreservat til fleire aktuelle interessepartar i brev av 20.12.2018. Framlegget er med i ordninga for frivillig skogvern der grunneigarane har tilbydd areala for vern. Innspel til planarbeidet var på høyring fram til 01.02.2019.

Vi fekk seks innspel til verneplanprosessen lista opp under:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune hadde ingen vesentlege merknader. Dei tolka flyfoto slik at det kan sjå ut som det ligg ein gammal seterstøl i nordlege del, kor ein skulle kartlagt om det er artsrike slåttemarker som er verdt å ivareta.
2. Norges vassdrag- og energidirektorat spelte inn at det er tre moglege interessekonfliktar med vern;
 - a) Grensen til området tilbuddt vern ligg omlag 50 meter frå ei 22kV distribusjonsnettlinje. NVE overlet til Svorka Energi AS å kommentere om distansen mellom grensen til det foreslårte verneområdet og distribusjonsnettlinjen er tilstrekkeleg. Det er utarbeidd standardbestemmingar for verneområde med



kraftlinjer, som skal ivareta tilkomstbehov i samband med drift, vedlikehald og nødvendig oppgradering av linja. NVE ber om at det også tas omsyn til netteigar sitt behov for å rydde skog for vedlikehald av linja. Det er viktig at områdekonsesjonærar vurderer om vernet vil komme i konflikt med eksisterande eller planlagde energi- og kraftanlegg. NVE ber fylkesmannen å ta kontakt med Svorka Energi AS for å unngå potensielle konfliktar.

- b) NVE har gjennomført ei digital kartlegging og identifisert eit mogleg potensial for småkraft i området. Det er i dag ikkje dammar, målestasjonar eller kraftanlegg i området føreslått for vern. Potensialet for vasskraft har ein effekt på 1 MW, gitt en vassføring på 0,32 m³/s og en brutto fallhøgde på 261,67 m. Eit mogleg kraftverk kan byggast med inntak nord for grensa til det føreslått verneområdet og kraftverket sør for grensa. Slik sett blir det da eit spørsmål om tilgjengeleghet til røyrgate og inntak i bygge- og driftsfasen blir i konflikt av eit eventuelt vern. NVE oppfordrar til å vurdere konsekvensane av eit vern i forhold til en mogleg kraftverksutbygging.
 - c) Området ligger på grensa til eitt av analyseområda til Nasjonal ramme for vindkraft. Viss Geitåa blir plukka ut som det best eigna område for vindkraftutbygging, kan det føreslåtte vernet komme i konflikt med framtidig vindkraftutbygging. Området føreslått for vern er i dag i ei ekskludert sone, likevel så nære eit analyseområde at vernet kan bli til hinder for vindkraftutbygging, blant anna ved å avgrense moglegheita til å bygge tilkomstvegar. NVE foreslår at forskrifter for vernet inkluderer ei moglegheit for at det kan byggast tilkomstveg gjennom det verna området viss det ikkje finst andre moglegheiter for å nå fram til dei potensielle områda for utbygging av vindkraft.
3. Statnett SF visar til NVE sitt innspeil til oppstartsmelding og har elles ingen merknader.
 4. Direktoratet for mineralforvaltning har ingen merknader.
 5. Statens vegvesen har ikkje merknader til varsel om oppstart av verneplanprosess.
 6. Luftfartstilsynet oppmanar Fylkesmannen til å ta kontakt for ei nærmare orientering om verneforskrifta skal forby luftfart under 300 meter over verneområdet, då dette har konsekvensar for luftfartøy som opererer etter visuelle flygereglar (VFR) som småfly- og helikopter.

Fylkesmannen si vurdering av innspeil

1. Det er ikkje registrert slåttemark innanfor det tilbudde arealet. Det er ikkje kome fram informasjon som tyder på at dette er ein lokalitet haldt i hevd. Ved etablering av eit naturreservat, kan området kartleggast og slik skjøtsel stimulerast gjennom tilskot om grunneigar ønskjer dette.
2. Om det skulle bli behov for vedlikehald av distribusjonsnettlinja til Svorka Energi AS som omfattar rydding av skog innanfor verneområdet, vil forvaltningsmyndigheita kunne fatte eit vedtak om dispensasjon for aktiviteten, jf. § 8 Generelle dispensasjonsreglar
Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifterna dersom tiltaket ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn og omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.
3. Det er ikkje ønskeleg med aktivitet i lufta under 300 meter over verneområdet, men ei slik grense er ikkje nedfelt i verneforskrifta. Reglane som omfattar visuelle flygereglar (VFR) som småfly- og helikopter er regulert i § 5 Regulering av ferdsel
All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.



Brukarinteresser

Grunneigar ønskjer å behalde rett til beiting og utøving av jakt og fiske. For storviltjakt skal det være lov å køyre ut byttet med jernhest eller liknande, samt bruk av eksisterande og mobile jakttårn. Det skal være lov å rydde skotsektorar ved jaktpostane. Grunneigarane ønskjer også at det blir mogleg å drive miljøtilpassa reiselivsverksemder etter ein godkjent plan.

Avgrensing

Sjå vedlagt vernekart.

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Fylkesmannen med dette verneframlegget på høyring. På bakgrunn av at det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane, og at det vart semje om avgrensing og framlegg til forskrift, reknar vi med at det eventuelt blir mindre justeringar av forskriftene etter høyring.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Fylkesmannen, på bakgrunn av høyringsdokumentet og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Fylkesmannen får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå fylkesmannen om grensegang og merking.



Forslag til forskrift

FORSKRIFT OM VERN AV GEITÅA NATURRESERVAT, SURNADAL KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx xxxx med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med naturreservatet er å verne eit stort og godt utvikla skogområde med gamle trær og fleire raudlista artar. Lokaliteten består av ein mosaikk av rik edellauvskog, bekkekløft og bergvegg, gammal lauvskog og et lite innslag av rik sumpskog.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.:
Surnadal kommune 84/3.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 428 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart dagsett Klima- og miljødepartementet xx.xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Surnadal kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Verneregler

I naturreservatet må ingen gjøre noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre eller annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som for eksempel oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.



§ 4 Generelle unntak

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikke til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Beiting.
- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn.
- e) Oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt.
- f) Fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt.
- g) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- h) Bålbrenning med tørrkvist fra bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar er bruk av sykkel, hest og kjerre samt riding forbode.

§ 6 Generelle unntak fra reglene om ferdsel

Ferdselsreglane i § 5 er ikke til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- eller forvaltingsoppgåver som er vedteke av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikke øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikke til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikke set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkøyretøy på eksisterande traktorvegar vist på vernekartet.
- c) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensar bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag.
- c) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- d) Gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade.
- e) Bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med godkjent forvaltingsplan.
- f) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.



- g) Oppføring av gjerde og samleanlegg for beite.
- h) Utsetjing av saltstein.
- i) Nødvendig uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn nemnt i § 6 andre ledd b.
- j) Naudsynt motorferdsel for aktivitetar nemnt i § 7 b, c, d, g og h.

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom tiltaket ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomssyn og omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10 Forvaltingsplan

Det skal utarbeidast forvaltingsplan med nærmare retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kva instans som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft straks.